

Koronavirus og radiologiske undersøkingar.

Infoskriv frå Radiologisk avdeling, Helse Førde.

I samband med SARS-CoV-2/Covid 19(koronavirus) og påfølgande beredskapsituasjon i helsevesenet har Radiologisk avdeling, Helse Førde, gjort enkelte endringar som alle tilvisarar og samarbeidande partar må vere kjent med. Dette for å redusere smitterisiko både for ansatte og pasientar.

-Radiologisk avdeling har til vanleg eit stort antal pasientar. Antal undersøkingar vert forsøkt redusert til eit minimum innan det ein anser som fagleg forsvarleg. Dette gjeld både elektiv verksemd og ØH undersøkingar. I denne samanheng er/vert ei rekke undersøkingar utsatt. Det kan bli aktuelt, på eit seinare tidspunkt, å avvise utsatte undersøkingar og be om ny tilvising med bakgrunn i at ein ved biletdiagnostikk er avhengig av oppdaterte kliniske og anamnesticke opplysninger. I så fall får ein tilbakemelding om dette.

-Alle tilvisingar må ha ein klar behandlingmessig konsekvens og det må gjerast ei kritisk vurdering ift behovet for bildediagnostikk og utsette dette dersom mogleg. I noverande situasjon må alle tilvisingar ha ei viss grad av hast for å unngå opphopning av pasientar i vårt system. I enkelte tilfelle kan det bli aktuelt å avvise tilvisingar som kan vente for å unngå eit uhandterleg etterslep seinare.

-Ved tilvisingar må ein til kvar tid følge gjeldande retninglinjer ift evt smitte. Ein må også ta omsyn til pasientar med redusert immunforsvar og auka infeksjonsrisiko. Dette då radiologisk avdeling mtp antal pasientar og kontaktflate potensielt kan utgjere ein smitterisiko i seg sjølv.

-På vakttid vil det kun utførast ØH-undersøkingar.

-Ingen pasientar skal møte uanmeldt ved radiologisk avdeling.

Mvh,

Torbjørn Sygna, Overlege, Konst. avdelingssjef, Rad avd, Helse Førde.